



Kaland Trelast AS
Keilevegen 45
5953 Fonnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9433 - 22/7373

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune
.no

Dato:
26.01.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysning - gbnr 445/455 Manger Nedre

Tiltak: Endring av løyve einebustad
Byggjestad: Gbnr: 445/455
Tiltakshavar: Lars Egil Tangen
Ansvarleg søkjar: Kaland Trelast AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad .

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det søkjes no om ei større endring av bustaden. Bruksareal vert meir enn dobla for bustaden. Vi kan difor ikkje handsame dette som ei mindre endring, men som eit ny bustad. Det vil difor vere naudsynt å søkje om ny dispensasjon i frå byggjegrænse mot sjø. Vi syner her til ny kommuneplan for Radøy kommune, der det no er lagt inn ei byggjegrænse mot sjø. Det vil vere denne De no søker dispensasjon i frå. Dispensasjonsøknad må også vere nabovarsla.
2. Vi syner til pkt. 7 i det opphavlege løyve;

«Høgde for topp møne skal følgje ein naturleg line i høve topp møne på gnr. 45 bnr. 44 og gnr. 45 bnr. 120. Det er ikkje høve til å føre opp bustad med gesims som høgaste punkt.

Topp møne skal godkjennast av bygningsstyresmakta i byggesaka. Bygningsstyresmakta kan avslå søknad som ikkje stettar dette vilkåret.»

Vi ber om ei avklaring om endring for konsekvens for dette kravet.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **16.02.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kaland Trelast AS

Keilevegen 45

5953 Fonnes